



DEN NORSKE KYRKJA  
Dovre kyrkjelege råd

## MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

<b>Møtedato</b>	<b>Møtestad</b>
Måndag 4. september 2023 kl. 18.00-21.00	Dombås kyrkje / Dovre ungdomsskole

### TIL STADES PÅ MØTET

**Med stemmerett:**

Dovre sokn: Marit Reidun Bø Svestad, Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde.  
Dombås sokn: Eli Nytrøen Lyngen, Randi Brennhaug, Jomund Endre Angard og  
Knut Arne Berget  
Prest: Bente Sverdrup  
Kommunerepr.: Knut Nytun.

**Med tale- og forslagsrett:**

prosjektleder Elin Marit Andgard og fung. kyrkjeverge Steinar Grønn

**Med talerett:** Kjersti-Oline Speikland

### SAKER TIL HANDSAMING

SAK 55/23	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
SAK 56/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - DIVERSE AVKLARINGER
SAK 57/23	NYE DOMBÅS KYRKJE - SØKNAD OM INVESTERINGSMIDLER
SAK 58/23	SØKNAD OM FRITAK FRA DOVRE KYRKJELEGE RÅD
SAK 59/23	GJENNOMGANG AV GJENNOMFØRING AV KYRKJEVALET
	REFERAT OG ORIENTERING

### UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført under saksnummer 55-59/23 er i samsvar med det som er vedtatt på møtet.

Knut Nytun Helle Hundevadt Jomund Angard  
Bente Sverdrup Knut Berget Randi Brennhaug  
Hans Ingvald Hovde Elin Nytrøen Lyngen  
Marit Svestad

Innkalling: 1. september 2023.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/formannskap og rådmann, prost i Nord-Gudbrandsdal prosti, revisor.

## SAK 55/23 NYE DOMBÅS KYRKJE – DIVERSE AVKLARINGER

### **a. Trapperom 2. etasje**

- Kyrkjeverge stiller spørsmål ved om planløysinga i trapperommet kan opplevast trong og «sluse-aktig». Kunne større del av tidlegare kaldrom integrerast i trapperom/sluse til galleri?
- Arkitekt svarer: «Jeg vil nok anbefale at vi holder på prosjektert løysning. Noe av poenget var at den skal være litt «sluseaktig» for å dramatisere overgangen mellom etasjene, og gi følelsen av å passere gjennom en annen verden. Derfor er det viktig å ikke ha for mange kriker og krokar. Loftsrommet på siden er jo ganske lavt, så det vil føles litt trykkende å innlemme det i passasjen. Med en luke inn, vil det være egnet for lager. Si fra hvis du vil diskutere dette nærmere.»
- Over stollageret blir det eit lite lager. Vegg mellom dette og trappa kan settast opp på fleire måtar. Entreprenør seiar at det er mogleg, det er lagt golv heilt ut til ytterveggane.

*Blir lagt fram for rådet til drøfting utan innstilling.*

### **b. Golv våpenhus**

Forsikring dekker tidlegare løysing med bjelker og tregolv kr 48.750. Støyping og legging av skifer dekkes av DKR. Stipulert til 40-50.000 kr.

*Til orientering.*

### **c. Sakristi – dører**

Som følge av at vegger og tak blir kledd med bjørkefiner, har arkitekt foreslått bjørkedører med høgare kvalitet (lydmessig) enn original. Meirkostnad for dette blir 35.-40.000. Toalettdør som har høgare kvalitet med tankje på støy, er på eit vis «bortkasta» fordi den skal ha luftespalte under. Ytterdøra er restaurert og blir måla.

*Blir lagt fram for rådet til drøfting utan innstilling.*

### **d. Sakristi – minikjøken**

Det er satt av plass rett innanfor inngangsdøra til eit minikjøken, ca 100 cm brei. Det er behov for vask/kumme og kjøleskap samt plass for vasskoker/kaffetraktar og/eller kokeplate. Det er i utgangspunktet to alternativ:

1. Komplette minikjøken med kjøleskap, kokeplater, kumme og underskap.
2. Kjøkkeninnredning i t.d. bjørk: Underskap med skap/skuffer, benkeplate med nedfelt vaskekumme, integrert kjøleskap.

Begge alternativ med overskap. Alternativ 2 vil være noko dyrare.

*Blir lagt fram for rådet til drøfting utan innstilling.*

### **e. Stoler**

Fyresdal har gjeve attandemelding på dei spørsmål som var stilt i forje møte. Forhandlar av stoler m.m. Jan Sortåsløkken leverer ein prøvestol og informasjon til møtet. Produsent av den klassiske jærstolen «Aksel» vil gje oss pristilbud på to alternativ, den med fletta sete og med stoppa sete med stoff fra Gudbrandsdal ullvarefabrikk. Det er bedt om informasjon om pris og alternative materialer, overflatebehandling og setetrekk.

Koblingen mellom Jærstolene er liten og diskret samanlikna med kobling på stolar fra Fyresdal, og stolen bør derfor vurderast.

*Forslag til vedtak:*

*Saken blir utsett til nestemøte slik at dei 2-3 andre stolalternativa blir vurdert.*

#### **f. Golv**

Arkitekt og utførande fagperson på golvbehandling foreslår å lakke golvene. Kyrkjeverge har bedt om avklaring på korvidt golvene blir beisa for å gje dei ynskja farge eller om det blir brukt lakk med farge. Rådet får presentert prøver på golv samt illustrasjoner av rommet med ulike farger på møtet.

*Blir lagt fram for rådet til avgjersle utan innstilling.*

#### **g. Lydanlegg, teleslynge, internett og AU-utstyr**

	Budsjettet	Tilbud
AU-utstyr	50.000	52.000
Internett	47.000	10.000 + månedleg utgift
Lydanlegg	210.000	230-300.000

Vi har fått forslag med to søylehøytalere på veggen mot koret i 1. etasje og 2. etasje, samt 2 sub (bass) som blir plassert og skjult i skap i kvart sideskip.

Alt. 1 er det beste lydmessig og visuelt med sine smale høytalere (100 cm høg, 3,5 cm djup og 5 cm brei), vil komme på ca 300.000 kr.

Alt. 2 har to smale høytalere i 1. etasje og større på galleri, kostar 33.000 mindre.

Alt. 3 har 4 større høytalere og kjem på totalt 227.000

Lydanlegg med teleslynge dekkes fra forsikring som innbo og løssøre, det vil seie avkorting for slitasje og alder.

Arkitekt tilrår alt. 1 ut frå at dei blir minst synleg.

Utstyr for videokonferanse, film m.m. på møtegalleriet: 51.380 inkl. skap med heisanordning for skjerm slik at denne er usynleg utanom bruk.

*Forslag til vedtak:*

*Rådet drøftar og avgjer ressursbruk til lydanlegg.*

*Innkjøp av utstyr til videokonferanse m.m. blir utsett. Kabling m.m. blir ordna nå.*

#### **h. Kjellar-nedgang og hovedtrapp**

Status og forslag til løysing blir presentert under synfaring/møtet.

Hovedinngang innfrir ikkje krava til universiell utforming. Arkitekt teknar skisse.

*Blir lagt fram for rådet til avgjersle utan innstilling.*

## Vedtak:

- a. **Trapperom 2. etasje**  
Rådet følger arkitektens skisse.
- b. **Golv våpenhus**  
Tatt til orientering.
- c. **Sakristi – dører**  
Velge billegaste løysing på dører, men velge dør fra sakristi til koret med bedre lydisolering. Øvrige dører «standard». Ingen er synlege fra kyrkja.
- d. **Sakristi – minikjøken**  
Velger benk med vannkumme og underskap med 1 skuffeseksjon. Samt overskap.
- e. **Stoler**  
Saken utsatt til neste møte.
- f. **Golv**  
Overflatebehandling olje og lakk. Farge: 1 del clay og 2 deler naturel.
- g. **Lydanlegg, teleslynge, internett og AU-utstyr**  
Velge alternativ 1 for lydutstyr. Innkjøp av utstyr til videokonferanse m.m. blir utsett. Kabling m.m. blir ordna nå.
- h. **Kjellar-nedgang og hovedtrapp**  
Hovedtrapp: Hovedinngangen med trapp og rullestolplatning må tilfredstille kravene til universiell utforming. Administrasjonen skaffer pristilbud og undersøker mulige støtte-ordning.  
Kjellar-trapp: Arkitekt lager skisse med tak innerst mot veggen samt lem.

## SAK 56/23 NYE DOMBÅS KYRKJE – SØKNAD OM INVESTERINGSMIDLER

### Saksopplysninger:

Sak 30/23 Nye Dombås kyrkje – økonomi og sak 37/23 Nye Dombås kyrkje – revidert budsjett.

DKR sendte i juni-23 søknad til Dovre kommune om tilleggsløyve på 2,5 millioner kr.

Kommunen har løyvd totalt 6 millioner kroner til Nye Dombås kyrkje, 5 millioner kr 2.12.2020 og 1 mill. kr 12.12.22.

Møte med kommunen 13. juli blir referert på møtet.

Kommuneadministrasjonen ynskjer ein ny, revidert søknad på kr 700.000 kr, som betyr at kostnadsramma frå kommunen blir totalt 6,7 mill. kr.

For å balansere budsjettet med ny ramme frå kommune, blir utgiftene tatt ned ved å stryke punktet «Uforutsatt/buffer» kr 232.000 og netto utgift inventar, utstyr, utsmykning blir redusert fra 760.000 til 160.000 kr. Om det ikkje lukkast å skaffe 600.000 til utsmykning ved legatmidler og gaver, kan DKR komme med ny søknad til kommunen.

**Finansiering:**

Sikringsprosjektmidler	250.000
Gaver	155.000
Legatmidler til kunst	600.000
Disposisjonsfond	995.000
Kommunalt tilskudd	6 700.000
Sum	8 700 000

**Innstilling:**

DKR sender ny, revidert søknad til Dovre kommune om 700.000 kr i investeringsmidler til Nye Dombås kyrkje.

**Vedtak:**

Innstilling einstemmig vedtatt.

**SAK 57/23 SØKNAD OM FRITAK FRA DOVRE KYRKJELEGE RÅD**

**Saksopplysninger:**

Hanna Mølmen har sendt oss følgende melding:

*Hei.*

*Av helsemessige årsaker må jeg melde frafall på møtet 30.08 og fremtidige møter til valgperioden er over.*

**Innstilling:**

Dovre kyrkjelege råd fritak Hanna Mølmen frå vervet som medlem av rådet. Knut Arne Berget rykkjer opp til fast medlem av rådet. Ny varamedlem blir Kirsti Vik Hjerkind.

**Vedtak:**

Som innstilling.

## **SAK 58/23 GJENNOMGANG AV GJENNOMFØRING AV KYRKJEVALET**

### **Saksopplysninger:**

Kyrkjevalet gjennomføres 11. september. Vi tek ein gjennomgang av reglar og vaktoppsett.

### **Saksbehandling:**

Kyrkjeverjen gikk gjennom prosedyrer og materiell.

## **SAK 59/23 REFERAT OG ORIENTERINGER**

### **Saksopplysninger:**

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 26. juni 2023.**
- **Orienteringer:**
- **Post:**

### **Innstilling:**

Protokollen frå rådsmøtet 26. juni er godkjent.  
Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

### **Vedtak:**

Protokollen frå rådsmøtet 26. juni er godkjent.  
Øvrige orienteringer tatt til etterretning.